

Forskrift 18. juni 2024 om hovudmål ved grunnskular i Sande kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Sande kommune den 18. juni 2024 med heimel lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 15-2.

§ 1 Formål og verkeområde

Forskrifta angir kva skriftspråk som er hovudmål på grunnskulane i Sande kommune. Skulen skal bruke hovudmålet i den skriftlege opplæringa, og i den skriftlege kommunikasjonen med dei føresette.

§ 2 Hovudmål ved skulene i Sande kommune

Grunnskulane i Sande kommune nyttar nynorsk som hovudmål.

§ 3 Iverksetjing

Denne forskrift trer i kraft 1. august 2024.